



Femte og sjette klasse ved skulen hadde sist veke ein kul tur til Bergen men VilVite-senteret hadde dei kulaste opplevingane. Bileta viser Sander og Viljar som gjer seg klåre til ein friisk motorsykkeltur og Sondre og Martin som skal skyta knallhardt med fotball. Likevel spørst det om ikkje verdama fanga aller mest merksemd.

Det er ikkje kvar dag VilVite blir besøkt av ei så stor gruppe frå Uskedalen og dette var ein fulltreffar. Det har skulen allereie gjeve uttrykk for på eit evalueringsskjema som har full score som konklusjon.

I tillegg til det faste senteret i Bergen har VilVite også eit omreisande senter som vart etablert som eit fast tilbud for 6 år sidan. Det skal særleg betjena dei som har lang reisetid til Bergen.

Målet til dette unike senteret er å gje elevar og lærarar ein annleis skuledag, for å skapa nysgjerrigheit og stimulera til spennande forsøk i undervisninga.

Av Ola Matti Mathisen

Foto: Åse Neset

